



Asbjørn Ekse
Modalen 2321
5729 MODALEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/286 - 22/74

Saksbehandlar:
Kjell Langeland
kjell.langeland@modalen.kommune.no

Dato:
13.01.2022

Løyve til utslipp av sanitært og kommunalt avløpsvann fra hus og hytter

SAKSUTGREIING:

Tiltak

Saka gjeld søknad om utsleppsløyve for minirenseanlegg på gbnr 84/17.

I søknaden er det opplyst at utslippet frå eigedommen skal reinsast i biologisk/kjemisk minirenseanlegg av typen Biovac før utslippet vert ført vidare [til terreng

Storleiken til utslippet er opplyst til 5 pe.

Det vert elles vist til søknad mottatt 01.11.2021.
Service avtale motteke 11.01.2022

Passering

Plassering og utsleppsstad er vist i kart mottatt 01.11.2021.

Reinseløysing

Utslippet skal reinsast i biologisk/kjemisk reinseanlegg av typen Biovac FD5N PEH. Anlegget er godkjend etter [NS-EN 12566-3]. Anlegget stettar reinsekrava for utsleppsstad i følsamt og normalt område med brukarinteresser , jf. forureiningsforskrifta § 12-8/§ 13-8.

Drift og vedlikehald

Det er eit vilkår for utsleppsløyvet at anleggseigar inngår serviceavtale om drift og vedlikehald av anlegget, jf. forureiningsforskriften § 12-13 2.ledd/§ 13-11 3.ledd.

Det er lagt ved serviceavtale for drift og vedlikehald av anlegget i søknaden.

Privatrettslege tilhøve

Avløpsanlegget er plassert på [eigen eigedom, på gbnr 84/17. Utsleppsleidningen er lagt på [eigen eigedom.

VURDERING

Det er ikkje offentleg kloakkanlegg i området.

Søknaden om utsleppsløyve kan etter kommunen si vurdering godkjennast når det vert sett krav til reinsing av utsleppet i biologisk/kjemisk reinseanlegg med utslepp til bekk.

Plassering

Plassering av anlegg og leidningsnett kan etter kommunen si vurdering godkjennast i samsvar med kart mottatt 01.11.2021.

Vedtak:

Med heimel i forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta § 12-5/§ 13-5 vert det gjeve utsleppsløyve for minirenseanlegg på gbnr 84/17 på følgjande vilkår:

- 1. Utsleppet frå eigedomen skal reinsast i biologisk/kjemisk reinseanlegg av typen Biovac FD5N PEH med utslepp til bekk**
- 2. Utsleppet frå eigedomen vert gitt for 5 pe.**
- 3. Det skal liggja føre gyldig serviceavtale om drift og vedlikehald av anlegget til ein kvar tid.**
- 4. Utsleppet skal til ei kvar tid tilfredsstilla krav i Forskrift om begrensing av forurensing, §§ 12-7 til 12-13/§§ 13-6 til 13-16/ eller [kommunenamn] si lokale forskrift frå mindre avløpanlegg jf. § 12-6**
- 5. Eigedomen skal knytast til offentleg godkjend avlaupsleidning eller anna fellesleidning dersom slike vert ført fram til området og kommunen set krav om det.**

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Enkeltvedtak truffet i medhold av forureiningsforskrifta kapittel 12 kan klagast på til kommunestyret eller særskilt klagenemnd, jf. [forurensningsloven § 85](#) annet ledd og forureiningsforskrifta § 12-15. For enkeltvedtak truffet av kommunestyret er fylkesmannen klageinstans.

Enkeltvedtak truffet i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 13 kan klagast på til Fylkesmannen, jf. forureiningslova § 85 2.ledd og forureiningsforskrifta § 41-5

Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ansvar

Anleggseigar er ansvarleg for at alt arbeid følgjer føresegner gjeve i eller i medhald av forureiningslova og plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter forureiningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve.

Bortfall av løyve

Er arbeidet med etablering av avløpsanlegget ikkje sett i verk innan tre år etter at løyve er gitt, eller vert arbeidet innstilt i lengre tid enn to år, fell retten til å etablere utsleppet vekk, jf. forureiningsforskrifta § 12-5 4.ledd og § 13-5 4.ledd. Om utslepp framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn.

Tilsyn, endring og opphøyr av løyvet

Kommunen er forureiningsstyresmakt og fører tilsyn med at føresegner, lovverk og vedtak fatta i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 12 og 13 vert følgd. Forureiningsstyresmakta har rett og plikt til å utføra tilsyn med avlaupsanlegga. Tilsynet vil kunna omfatta kontroll av anlegg si yting/funksjon og kontroll av kvalitet på utført sørvis og vedlikehald. Eigar av anlegget må dekkja kostnader knytt til tilsyn og kontroll, jf. forureiningslova kap.7.

Om utsleppet fører til uventa forureiningsproblem, kan forureiningsstyresmakta oppheve eller endre vilkåra i utsleppsløyvet, setja nye vilkår og om naudsynt kalla tilbake løyvet i samsvar med forureiningslova § 18 og forureiningsforskrifta § 12-14 og § 13-17.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til jnr 72/74.:

Med helsing

Kjell Langeland
konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Asbjørn Ekse
Asbjørn Ekse

Modalen 2321 5729
Modalen 2321 5729

MODALEN
MODALEN